

**MERKNADER TIL PLANPROGRAM FOR KULTURMINNEPLAN FOR
MELAND KOMMUNE 2016 - 2021 .**

I styremøtesak 04/15 vart planprogrammet drøfta og det vart vedteke at leiaren skulle senda merknader til planprogrammet.

1. Generelt.

Styret i sogelaget har drøfta planprogrammet og meiner det er ein god reiskap i arbeidet med ein slik temaplan som kulturminneplanen skal vera. Styret har ikkje funne noko som treng leggjast til planprogrammet.

2. Registrering.

Sogelaget vil gjerne vera med på registreringsarbeidet som skal vera grunnlag for kulturminneplanen. Styret ser ut frå punkt 3 i planen at dette arbeidet kan verta ganske omfattande og det kan nok verta trong for å ta i bruk betalte tenester.

3. Privatarkiv.

Meland sogelag har fått løyve til å plassera lokalhistorisk (mest skriftleg) materiale i Meland rådhus. Dette er arkivmateriale som Meland kommune ikkje har plikt til å ta vare på, men som er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Dette materialet på ca 15 hyllemeter er ikkje systematisk ordna, men dette bør gjerast som ein del av registreringsarbeidet.

4. Gjenstandssamlingar.

Sogelaget har to gjenstandssamlingar. Samlinga i Sjøbua på Holmeknappen er godt merka og registrert, men samlinga som er plassert i ei løe på Indre Brakstad, er berre delvis merka og registrert. Lokalet i løa er lite og det er ikkje så lett å få plassert gjenstandane på ein måte som gjev godt oversyn over samlinga. I denne løa er det óg ein del gjenstandar som kommunen eig. Desse er ikkje merka og registrerte.

Frekhaug 02.04.15.



Arnt Brakstad

leiar